

Eg veit kvar du bur

Hore

Diktatorisk

Forrædar

Lat oss kaste avføring på dei folkevalte

Tau og en krakk

Hore

Maktsjuk

Du er ei skam for bygda

Idiot

Send ordføraren til helvete

Det er godt du er fin, du har ingenting anna gåande for deg

Løgnar

Småkonge

## NÅR HETS OG TRUSLAR BLIR EIN DEL AV JOBBEN

KS Sogn og Fjordane inviterer folkevalde, politiske parti og administrative leiarar i kommunar og fylkeskommunen til konferanse om hets og truslar.

Konferansen er på **Thon Hotel Førde, 6. juni.**

**Meld deg på her: [Når hets og truslar blir ein del av jobben](#)**

Litt over 4 av 10 har opplevd hatefulle ytringar eller konkrete truslar, viser ei undersøking blant folkevalde Ipsos har gjort for KS. Nokre vurderer å gi seg med politikk på grunn av dette, nokre gir seg, og nokre svarer at det gjer at dei let vere å engasjere seg eller uttale seg i visse saker eller saksfelt. Ein har også sett nyheitssaker der administrative leiarar og tilsette fortel at dei har opplevd hets og truslar.

Dette må vi snakke om, på tvers av parti og kommunegrenser.

### Korleis kan vi saman møte desse utfordingane?

Desse kjem:



- *Debattklimaet i Noreg går i feil retning,*

har mangeårig redaktør og journalist Harald Stanghelle tidlegare uttalt. Han meiner at nyheitsmedia i større grad må identifisere nett-troll. Stanghelle skal leie konferansen.

(Foto: Anne Liv Ekroll/NRK)



- *Vi må alle seie frå.*

Klepp- ordførar Ane Mari Braut Nese opplevde truslar og hets då og fleire andre kommunar i Rogaland skulle innføre bompengar. Ho kjem til konferansen og fortel om korleis det er å stå i stormen.

(Foto: Klepp kommune)



- *Hets er ein trussel mot lokaldemokratiet.*

Dag-Henrik Sandbakken, fagsjef for KS Folkevalgtprogram, legg fram ny forsking på hat og truslar mot folkevalde. På oppdrag frå KS har Ipsos undersøkt både omfang og konsekvensar, samt i kva forum og samanhengar hatefulle ytringar og truslar skjer.

(Foto: KS)



*Kven hetsar og kvifor? Kva er konsekvensane av netthets, og kven har ansvaret for å gjere noko med det?,*

spør vi Karoline Andrea Ihlebæk, postdoktor ved Universitetet i Oslo. Ihlebæk underviser og forskar mellom anna på tema som ytringsfridom og offentleg debatt, grenser og ansvarsforhold.

(Foto: Universitetet i Oslo)

### *Lokale nyheitsmedium si rolle*

Terje Gilleshammar, distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane, kjem for å snakke om kommentarfelt, val av vinklingar og saker, og korleis det nye medielandskapet påverkar dei.

*Kva er politiet si rolle når politikarar eller administrative leiarar opplever hets eller truslar?*

Jarle Bjørke, politioverbetjent og Kari Marie Kjellstad, politiinspektør i Vest politidistrikt vil fortelje om politiet si rolle og korleis politiet følgjer opp truslar og sjikane mot folkevalde og andre myndepersonar. Dei vil også presentere funn frå forskingsrapporten «Trusler og trusselhendelser mot politikere» (2017).

